

Stiftingsdokument for foreininga *Balestrand bygdalag*

1: Foreininga sitt namn:

Det vart halde stiftingsmøte for foreininga Balestrand bygdalag den 11.02.2021.

2: Stiftarar:

Til stades som stiftarar var: Sjå egne lister som vedlegg med namn og adresse på dei som deltok

3: Val av møteleiar på stiftingsmøte:

Person xx vart valt som møteleiar.

4: Stiftingsdokument og vedtekter:

Stiftingsdokumentet med framlegg til vedtekter vart lagt fram og godkjent. Foreininga vart så stifta.

5: Val av styre:

Som leiar vart vald (namn og adresse):

- Svein Arne Skuggen Hoff

Som nestleiar vart vald (namn og adresse):

- Britt Tone Kvalheim

Som medlem i styret vart vald (namn og adresse):

- Svein Arne Skuggen Hoff (1 år), Jordmorvegen 6, 6899 Balestrand
- Britt Tone Kvalheim (2 år),
- Sigurd Kvikne (2 år), Lærargata
- Kurt Ove Lidal (1 år), Jordmorvegen 3, 6899 Balestrand
- Harald Offerdal (2 år), Villavegen 41, 6899 Balestrand

Som vara til styret vart vald i rekkefølge:

1. Berit Flatheim (1 år)
2. Ellen Smenes (1 år)

6: Val av valnemnd

Som valnemnd vart vald:

- Kjetil Netland
- Anny Urtegård
- Gudvin Haraldsson

7. Val av revisor

Som revisor for foreininga vart vald:

- Johannes Sjøthun

8: Signaturar frå dei som var til stades på stiftingsmøtet:

Marianne Hoff	Fjærestad 18	6899 Balestrand
Anny Urtegård	Tue 8	
Britt Tone Kvalheim	Dale 11	
Anita Hjørnevang	Britamarki 1	6899 Balestrand
Laila Vang		
Lin Åm	Kong Beles veg 16A	6899 Balestrand
Kurt Ove Lidal	Jordmorvegen 3	6899 Balestrand
Harald Offerdal	Villavegen 41	6899 Balestrand

Ellen Smenes	Sygnavegen 22	6899 Balestrand
Kjetil Netland	Ytre Ese 2A	
Gudvin S Haraldsson	Holmamyrane 47	6899 Balestrand
Øivind Fagermoen	Sjøtunsvegen 12	6899 Balestrand
Marit Vannes	Brattland 8	6899 Balestrand
Maya A Breidablikk	Sjøtunsvegen 38	6899 Balestrand
Ingrid M Menes	Menes 10	
Jan B Thorsnes	Dale 11	
Svein Arne Skuggen Hoff	Jordmorvegen 6	6899 Balestrand
Einar Målsnes	Skåsheimsvgegen 22	6899 Balestrand
Frode Bøthun	Balavegen 18	6899 Balestrand
Eirik Thue	Kong Beles veg 34	6899 Balestrand
Mariann Menes	Kvamsøy	

Underteikna av **alle** stiftarane.

Foreininga vart erklært stifta og møtet heva.

Stad, Balestrand den 11.02.2021

Vedtekter for foreininga *Balestrand bygdalag*

Vedtekne på stiftingsmøte 11.02.2021

§ 1 Foreininga sitt namn

Foreininga sitt namn er Balestrand bygdalag og vart stifta den 11.02.2021.

§ 2 Formål

Foreininga sitt føremål er å vera eit talerøyr for interessene til innbygarane, organisasjonane og bedrifter i tidlegare Balestrand kommune som no er del av Sogndal kommune. Foreininga skal bidra til, og støtte opp under, ei god samfunnsutvikling i dette området.

§ 3 Juridisk person

Foreininga er sjølvvegande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemer

Innbygarar og bedrifter i geografiske gamle Balestrand kommune som no er del av Sogndal kommune, kan vere medlem i foreininga.

§ 5 Røysterett og valbar

Alle medlemar har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga.

§ 6 Kontingent

Kontingenten vert fastsett av årsmøtet.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet vert halde kvart år i løpet av februar månad, og er foreininga sitt høgaste mynde.

Alle medlemar kan vera med på årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemar med stemmerett som møter.

Møteleiar vert vald av årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje handsama framlegg som ikkje er ført opp på saklista.

Styret førebur sakliste, og kallar inn til årsmøtet. Innkallinga skal ha minst to vekers varsel.

§ 8 Røysting på årsmøtet

Med mindre anna er vedteke, skal eit vedtak, for å være gyldig, ha alminneleg fleirtal av røystene som er gjevne. Blanke røyster skal sjåast på som ikkje gjevne. Dersom nokon av dei framømte krev det skal saker som vert handsama på årsmøtet avgjerast ved skriftleg røysting.

Val føregår skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

§ 9 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Handsama årsmelding/rekneskap
2. Utarbeida og vedta budsjett og handlingsplan
3. Handsama innkomne saker.
4. Fastsetja kontingent
5. Velja styre og vara
6. Velja valnemnd
7. Velja revisor

§ 10 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret avgjer det, eller minst 1/3 av medlemmer med stemmerett krev det. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama og ta avgjerd i dei saker som er kunngjort i innkallinga.

§ 11 Styret

Foreininga vert leia av eit styre på 5 medlemmer og 2 vara der 1. vara møter fast på styremøta. Styret er høgaste mynde mellom årsmøta. Styret sin leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet. Leiar og nestleiar vert vald for eitt år. Styret vel sjølv andre roller for styremedlemene etter trong.

Styremedlemmene si funksjonstid er 2 år. Vara til styret har ei funksjonstid på 1 år. Eit medlem som er på val i styret kan ta attval. På skipingsmøtet vart det avgjort at to i styret vart valde med ei funksjonstid på 1 år. Dette slik at berre deler av styret er på val kvart år.

§ 12 Signatur

Foreininga vert teikna av styret sin leiar.

§ 13 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtekter kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og det krev 2/3 fleirtall av dei gjevne røystene.

§ 14 Oppløysing, samanslutning og deling

Oppløysing av foreininga kan berre handsamast på ordinært årsmøte, og det krev 2/3 fleirtal hjå dei frammøtte. Det kan veljast eit avviklingsstyre som skal stå føre avviklinga. Det ordinære styret kan veljast til avviklingsstyre, og får stilling som avviklingsstyre om det ikkje vert vald eige avviklingsstyre.

Foreininga si formue skal etter oppløysing og gjeldsavlegging gå til det mål foreininga arbeider for. Avviklingsårsmøtet avgjer kva midlane skal nyttast til.

Ingen medlemmer har krav på foreininga sine midlar eller del av desse.

Samanslutning med andre foreiningar eller deling av foreininga er ikkje å sjå på som oppløysing.

Vedtak om samanslutning/deling og nødvendige vedtektsendringar knytt til dette vert vedteke i samsvar med det som står i § 13. Styret skal i den samanheng laga ein plan for samanslutninga/delinga som årsmøtet skal stemma over. Ved samanslutning eller deling skal det hentast inn samtykke frå foreininga sine kreditorar.